



a

Dok. ref.
20/829-34/K2-K12/8706

Dato:
27.09.2023

Referat frå møte med Hydro og Årdal energi

Møtetittel:	
Møtedato:	14.09.23
Møtetid:	08:00-9:30
Møteleiar	Stig Stark-Johansen
Møtestad:	Rådhuset Årdalstangen
Deltakarar:	Frå Årdal kommune: Kommunedirektør Stig Stark-Johansen, kommuneplanleggjar Martin Ramsland Stensaker Frå Statsforvaltaren i Vestland: Rådgivar Halvor Røssum Frå Årdal Energi: Jan Stian Smedegård Frå Hydro Energi: Kristen Rockland Aarethun Frå Hydro Aluminium: Per Gullaksen
Kopi til:	

Innleiing:

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen ynskta velkommen til møtet. Jan Stian Smedegård opna med å seia at han hadde sett kartet over potensielle utvidingsareal på nettet og at dette grensar til og går over deira infrastruktur. Dei ønska informasjon, og difor tok dei kontakt med kommunen for å få eit møte. Stig Stark-Johansen informerte om at alle involverte partar vil bli invitert til møter, det var naturleg å ta grunneigarane først, og at me framleis er i ein svært tidleg fase av prosessen.

Problemstillingar og diskusjon:

Jan Stian Smedegård presenterte kart over infrastruktur, med linjer som er påverka bl.a. ved Vetti og i fjellet i Moadalen, spesielt linja mot Søre-Knipen. Han fortalde at dei får spørsmål frå verneforvaltarane om snøscooterkøyring, sjølv om det skjer utanfor landskapsvernområdet. Dei har opplevd det som byråkratisk tungvint når dei skal utføre vedlikehald og liknande.

Per Gullaksen informerte om at dei arbeider med oppgraderingar og lurar på kva eventuelle framtidige konsekvensar utvidinga kan få.

Kristen Johannes Rockland Aarethun fortalde at dei har hatt nokre utfordringar knytt til byråkrati i samband med vernområda. Dei er opptatt av å få vite kva ei utviding vil bety for dei når det kjem til drift, vedlikehald og framtidig utviding. Det er viktig at dei har tilgang til sine installasjonar og at utvidinga ikkje er til ulempe for drifta deira.



Halvor Røssum svarta at dei ikkje ønskjer å komplisere dagens vedlikehald og bruk av dagens installasjonar. Han informerte også om at dei konkrete installasjonane/infrastrukturen som vart vist på kartet, ikkje er aktuelle å inkludere i utvidinga.

Kraftlinjer, oppgraderingar og nye traséar vart diskutert. Halvor Røssum fortalte at dei har erfaring med å ta omsyn til kraftutbygging i andre vernesaker. Per Gullaksen informerte om at eksisterande traséar kanskje skal oppgraderast, og at dette og eventuelle nye traséar vil bli større, slik at det visuelle og nærleiken til vernområdet kan spele ei rolle. Det er bestilt ei utgreiing om framtidig kraftutvikling frå Statnett. Det vart stilt spørsmål om dette kan bli ein del av prosessen med utviding. Halvor Røssum svarta at desse er prosessar som kan løysast parallelt, og at det å få løyst slike problemstillingar er ei viktig oppgåve i utgreiingsfasen.

Alle partane var einige om at det er viktig at ulike planprosessar ikkje legg hindringar for kvarandre, og at ein må ha ein ryddig prosess. Det var også einigheit om at det er viktig å tenkje langsiktig, at ein må vere klar over konsekvensane på lang sikt og ta omsyn til Årdals behov for kraft i framtida. Det grøne skiftet vart òg diskutert, at det kan vere ei utfordring i høve til naturvern, og at ein må tørre å ta ein diskusjon om dette. Halvor Røssum fortalte at dette er problemstillingar som er sentrale å avklare, og at dei framleis er i ein svært tidleg fase av prosessen. No handlar det om spørsmålet om Årdal kommune ønskjer å seie ja til å starte ein utgreiingsprosess som vil kunne gje meir konkrete svar på slike problemstillingar, før ein seinare kjem med eit konkret verneforslag som kommunen òg kan seie ja eller nei til.

Annet:

Stig Stark-Johansen opplyste om at den politiske behandlinga sannsynlegvis vil skje om omlag eitt halvt år. Halvor Røssum supplerte med at saka har vore politisk handsama i Luster, og at dei gav grønt lys til å setje i gang utgreiingsprosessen. Han gav kort informasjon om kva ein utgreiing ville innebere (innsamling av kunnskap; rapportar om naturmangfald, villrein, ulike brukarinteresser og kulturminne; eit breitt spekter av tema). Den innsamla kunnskapen ville danne grunnlaget for forslag om vernereglar, avgrensing av område o.l. i eit eventuelt konkret verneforslag som Årdal kommune har ein ny moglegheit til å seie nei til på eit seinare tidspunkt.

Det vart spurt om kor nær ting kan skje ein vernegrense. Halvor Røssum svarta at verneforskrifta berre gjeld innanfor sjølve vernegrensa, utanfor området er til dømes motorferdsel regulert av anna lovverk. For større tiltak nær vernegrensa er naturmangfaldlova § 49 relevant, som seier at for tiltak nær verneområdet som kan påverke verneverdiene, så skal omsynet til verneverdiene vektleggjast i avgjerd om løyve bør givast. Stig Stark-Johansen nemnde eit døme frå Eidfjord der tiltak nær verneområde i same storleiksorden som ein eventuell ny trasé ikkje kunne gjerast.

Halvor Røssum heldt ei generell presentasjon om bakgrunnen for oppdraget deira, konsekvensar og den eventuelle vidare prosessen. Han informerte om at kommunestyret kan stille krav og vilkår om den eventuelle utgreiinga og utforminga av verneforslaget. Stig



Stark-Johansen nemnde at dette vart gjort i Vågå, der dei sa ja til utgreiing berre for delar av dei foreslåtte områda.

Det vart spurt om kvifor dei fleste kommunane på austsida sa nei til utgreiing. Halvor Røssum og Martin Stensaker svara at det var størst motstand blant grunneigarar og landbruksinteressar; at det vart meint at områda allereie vart forvalta godt, bekymring for auka byråkrati og bekymring for auka ferdsel som kunne forstyrre landbruksinteressene. Det vart spurt om kva som gjeld for område under bakken, tunnelar o.l. Halvor Røssum kunne ikkje svare på dette no, men var samd i at dette er ein viktig problemstilling å ta med seg.

Prosessen med marint vern av Sognefjorden og konsekvensar av dette vart også diskutert. Til slutt vart det prata om at det er viktig å bli godt informert og involvert når ting skjer, slik at ulike partar ikkje mister moglegheita til å kome med innspel. Stig Stark-Johansen formidla at det er viktig at industrinæringa er representert i den eventuelle utgreiingsfasen, at dei må vere med som arbeidsgruppe og at dei må kome med innspel til område dei er usikre på o.l. slik at det kjem med i den politiske saka.

Martin Ramsland Stensaker
Kommuneplanleggjar